



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Kontakt saksbehandlar

Anne-Britt Halonen, 51 56 89 04

## 10 millionar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane

For å halda fram med å levera gode tenester til innbyggjarane i møte med demografiendringar, klimaendringar og strammare budsjett er det behov for innovasjon og nytenking. Statsforvaltaren i Rogaland har derfor sett av 10 mill. kroner av skjønnsramma til fordeling til kommunale prosjekt for fornying og innovasjon (prosjektskjønn) i 2021. Vi vil med dette brevet invitere kommunane til å søke om delfinansiering av slike prosjekt.

### Søknadsfrist: 31. mars 2021

Formål med prosjektskjønnet er å stimulere kommunane til å kunne jobbe med fornying og innovasjon, og bidra til at kommunane kan teste ut nye løysingar i si verksemd. Formål for prosjekta skal vere å styrke kommunane i si rolle som tenesteprodusent, myndigheit, lokaldemokratisk arena eller som samfunnsutviklar.

### Statsforvaltaren sine prioriteringar 2021

Statsforvaltaren ønsker å stimulere kommunane til prosessar for å kunne utvikle kvaliteten i tenestetilbodet, bruke ny teknologi, modernisere og få betre økonomi i drifta. **Vi vil spesielt prioritere å støtte samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar**, mellom anna for å stimulere til samarbeid, og sikre at prosjektmidlane skal få større nedslagsfelt og gi betre læringseffekt.

Kvart år får Statsforvaltaren overordna prioriteringar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). For å styrke innsatsen på dei prioriterte områda, vil søknader som relaterer seg til desse områda bli prioritert. Vi ber om at søknader inkluderer omtale av korleis prosjektet relaterer seg til ein eller fleire av desse prioriteringane.

- **FNs berekraftsmål:** FNs 17 berekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, motarbeide ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Planlegging er eit viktig verkemiddel for å oppnå berekraftsmåla. Fleire av berekraftsmåla er viktige for samfunnstryggleik, slik som motarbeiding av klimaendringar, bevaring av økosystem, bygging av robust infrastruktur og fredelege og inkluderande samfunn.
- **Digital forvaltning:** Felles digitaliseringsatsingar er særleg aktuelle.



- **Klima og miljø:** Aktuelle tema er tiltak for klimatilpassing, miljøomsyn og omstilling til lågutsleppssamfunn.
- **Barn og unge:** Tverrsektorielt og tverrfagleg samarbeid for utsette barn og unge og deira familiar (0-24-samarbeidet). Fornyingsprosjekt knytt til barnevernreforma er også relevante.
- **Samfunnstryggleik og beredskap**

Ved vurdering av søknadene vil Statsforvaltaren spesielt legge vekt på gevinstrealisering og overføringsverdi for andre kommunar. Tverrfaglege prosjekt og samarbeid mellom fleire kommunar vil bli prioritert. Vi vil òg ta geografiske omsyn ved fordelinga, slik at fornying og innovasjon kan bli prioritert over heile fylket.

### Retningslinjer for prosjektskjønn

- Prosjektmidlar skal nyttast til innovasjon og fornying. Dei kan ikkje brukast på ordinær drift.
- Det gis ikkje støtte til ordinære investeringsprosjekt eller drift av ordinære kommunale samarbeid.
- Det er berre kommunar som kan stå som søkar og ansvarleg. Kommunane kan samarbeide med andre aktørar.
- Prosjektsøknader må vere forankra hos kommunen si leiing og blant dei tilsette. Dersom kommunen sender fleire prosjektsøknader eller deltek i fleire prosjekt som andre kommunar søker om midlar til, må desse vere klart prioritert.
- Søknader må inkludere ein gjennomtenkt og realistisk prosjektplan med god omtale av dei utfordringar prosjektet skal bidra til å løyse.
- Kommunen må ha ei klar målsetting med prosjektet og beskrive aktuelle verkemiddel og løysningar som prosjektet skal teste ut.
- For å sikre forankring og forpliking til prosjekta krev vi kommunal eigenfinansiering. Omfang av eigenfinansiering må komme fram av søknaden, og eventuell anna delfinansiering av prosjektet.
- Reine næringsutviklingsprosjekt kan ikkje få prosjektskjønn.
- Søknader som kjem inn under forsøkslova, skal sendast til KMD.
- Søknader for prosjekt som vidareførast, må greie ut for prosjektet si framdrift og bruk av tidlegare tildelte midlar.

KMD sine retningslinjer for skjønnsdeling er tilgjengeleg på [nettsidene til departementet](#).

Prosjekt som naturleg høyrar under andre statlege tilskotsordningar vil sjåast i samanheng med desse når prosjektskjønnet skal fordelast. Prosjektskjønn kan ikkje tildelast for å dekke kommunen si eigenfinansiering i prosjekt som får andre statlege tilskot.

### Stortingsmelding om innovasjon i offentleg sektor

Regjeringa har lagt fram Meld. St. 30 (2019-2020) *En innovativ offentlig sektor* for å bidra til at offentleg sektor kan ta ut det fulle potensialet som ligg i innovasjon. Statsforvaltaren oppmodar kommunane til å lese stortingsmeldinga, og bruka det som eit verktøy i arbeidet med innovasjon.

### Prosess for søknad og tildeling

Søknad om innovasjonsmidlar må sendast via felles søknads- og rapporteringsportal, ISORD: [prosjektskjonn.fylkesmannen.no/](https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no/)



Rettleiing til bruk av ISORD ligg på statsforvaltaren sin nettside under kommunal fornying:  
[www.fylkesmannen.no/Rogaland/Kommunal-styring/Kommunal-fornyng/](http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Kommunal-styring/Kommunal-fornyng/)

Søknadsportalen er open til og med 31. mars 2021. Vi arbeider med å vidareutvikle prosessane knytte til fordeling av skjønnsmidlar. For prosjektskjønn 2022 kan vi ta sikte på å sette ein endå tidlegare frist.

Søknadene blir behandla av Statsforvaltaren si samfunnsavdeling, med vurderingsbidrag frå dei andre fagavdelingane, samt KS. Vi tar sikte på å sende ut tildelingsbrev om innovasjonsprosjekt innan midten av mai.

## Rapportering 1. juni for pågåande og avslutta prosjekt

Rapportering og erfaringsdeling er viktige verkemidlar for å få nytte av innovasjonsmidlane i heile fylket. Vi minner om **rapporteringsfrist 1. juni 2021** for alle prosjekt som tidlegare har blitt tildelt midlar og som ikkje har levert endeleg rapport. Prosjektportalen ISORD er no open for rapportering.

Prosjekt som er avslutta skal levere endeleg rapport, med omtale av dei mål kommunen har nådd, erfaringar med prosjektet, oppfølging i ordinær drift, gevinstrealisering og økonomi. Resultata frå prosjekta må vere dokumenterte for å sikre overføringsverdi og bevisst pengebruk. Legg ved eigen prosjektrapport og -rekneskap. Prosjekt som ikkje er ferdige innan rapporteringsfristen skal levere ein undervegs-rapport.

Prosjektmidlane skal utelukkande gå til formålet som skissert i prosjektsøknaden. Dersom eit prosjekt ikkje har blitt gjennomført som planlagt, og kommunen derfor ikkje har fått brukt tildelte midlar i tråd med søknad, skal kommunen rapportere om dette og midlane betalast tilbake.

Med helsing

Lone Merethe Solheim  
statsforvaltar

Monica Nessa  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

### Adresseliste:

Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG



Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger